



MØTEREFERAT.

Tid: 03.11.2016, kl. 10.30 - 11.15
Stad: Biblioteket, Stord Kulturhus, Leirvik.
Det møtte Bjørnar Withbro og Sten Risvoll

Tema for møtet: 1.Nærar samarbeid mellom biblioteket og Slekt og data, Sunnhordland

Etter siste møtet i Slekt og data var det semje om å ta kontakt med biblioteket for å høyre om vi kunne få annonsere hos dei. Det var mogleg og Withbro ønskte å snakke nærare om eit samarbeid med laget. Vi to avtalte derfor eit møte i dag.

- Det blei avklart at vi kunne få annonsere møta våre med oppslag på biblioteket. Dei gav løyve til tilskipingar som blir haldne på kulturhuset.
- Withbro fortalde at dei hadde planar om å gjere noko med Slechtsbanken som Hans- Magne Eikeland har bygd opp og som biblioteket disponerer. Søkefunksjonane i databasen ønskjer dei å betre. Dei ønskjer derfor kontakt med nokon som kan hjelpe til med å kartleggje kva som må til for at det skal bli lettare å finne fram i materialet. Etter ei slik kartlegging er det meininga å få faghjelp til å utføre endringane.
- Tidligare i haust hadde biblioteket eit kurs om slechtsgransking som biblioteksjef og lokallhistorikar frå Tysnes, Knut Rage, heldt. Etter dette kurset på 3 timar kom det ønske om oppfølging med praktisk å vise korleis ein finn fram når ein driv med slechtsgransking. Det er planar om ei oppfølging av dette over nyttår. Her er det ønske om å ha med folk frå Slekt og data.
- Dersom vi lagar til arbeidsgrupper som treng møtestad, så kan det vere mogleg å låne lokale på biblioteket til dette. Sogelaget har hatt slik ordning tidlegare.
- Dersom det er interesse for det, så kan Withbro gje ei omvisning og orientering om kva ressursar biblioteket har i til knyting til slechtsgransking. Dette må eventuelt avtalast på førehand.

Sten Risvoll